

KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/76/65

av 17. mars 2010

om endring av vedtak 2005/176/EF om fastsetjing av rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av rådsdirektiv 82/894/EØF*[meld under nummeret K(2010) 1585]*

(2010/160/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 82/894/EØF av 21. desember 1982 om melding om dyresykdom i Fellesskapet⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Direktiv 82/894/EØF dreier seg om melding av utbrot av dei dyresjukdommane som er førte opp i vedlegg I til det nemnde direktivet.
- 2) I kommisjonsvedtak 2005/176/EF⁽²⁾ er det fastsett rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av direktiv 82/894/EØF. I vedlegg X/09 og X/11 til det nemnde vedtaket er kodane for veterinærregionane i høvesvis Danmark og Spania førte opp.
- 3) Danmark og Spania har endra namna og grensene til veterinærregionane sine. Endringa av desse regionane har innverknad på systemet for melding av dyresjukdommar. Dei noverande regionane i systemet bør difor bytast ut med dei nye regionane. Vedlegg X/09 og X/11 til vedtak 2005/176/EF bør difor endrast.
- 4) Vedtak 2005/176/EF bør difor endrast.

5) For å sikre fortruleg handsaming av dei opplysningane som vert sende over, bør vedlegga til denne avgjerda ikkje offentleggjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*.

6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedtak 2005/176/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Vedlegg X/09 vert bytt ut med teksta i vedlegg I til denne avgjerda.
2. Vedlegg X/11 vert bytt ut med teksta i vedlegg II til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferdta i Brussel, 17. mars 2010.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 68 av 18.3.2010, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 13.

⁽¹⁾ TEF L 378 av 31.12.1982, s. 58.

⁽²⁾ TEU L 59 av 5.3.2005, s. 40.